



Kulturmidlar - Tilskott

Referansenummer: HJZCUI

Registrert dato: 02.08.2019 13:46:13

Vedlegg:

Årsmelding Oster Brass 2018.doc

Regnskap-2018-Oster Brass .pdf

Budsjett-Oster-Brass-2019.pdf

Innleiing	
Kommunen tildeler kvart år midlar etter søknad frå enkeltpersonar og lokale lag/grupper/organisasjonar.	
Søkjaren er	
<input type="radio"/> Enkeltperson	<input checked="" type="radio"/> Gruppe/lag/organisasjon
Vel kategori for prosjektet	
<input type="checkbox"/> Kulturmidlar driftstilskott	<input type="checkbox"/> Kulturmidlar investeringar
<input checked="" type="checkbox"/> Kulturmidlar aktivitets- og prosjekttilskott	<input type="checkbox"/> Ungdomsmidlar
Namn/arbeidstitel på prosjektet	
Kvalifisering	

Om søkjaren	
Organisasjonen	
Organisasjonsnummer	
992392835	
Namn	Adresse
Oster Brass	c/o Sara Beate Aspen
Postnummer	Poststad
5107	SALHUS
Telefonnummer	E-postadresse
97971215	osterbrass@gmail.com
Bankkontonummer	
36325008355	
Namnet på leiaren	
Sara Beate Larsen Aspen	
Kasserar	
Førenamn	Etternamn
Øyvind	Skjævestad
Telefonnummer	E-postadresse
97971215	osterbrass@gmail.com

Omtale av søkjaren/prosjektet

Omtale av søkeren/organisasjonen

Oster Brass er eit brass band i 1.divisjon, som består av musikantar frå 15 til 55 år frå heile Nordhordland. I inneverande sesong har korpset 35 medlemmer. Korpset har det siste året engasjert fleire dirigentar, som skapar utvikling og når mål på ulike områder. Dei seinare åra har vi lukkast i å bygge opp ei stabil og jamn besetning. Samtidig har vi hatt eit uttalt mål om å vere eit springbrett for ungdom som ønskjer å spele på eit endå høgare nivå, og har sendt vidare musikantar til elitekorpsa Eikanger-Bjørsvik Musikklag, Manger Musikklag og Krohnengen Brass Band. Vi er opptatt av å gje unge musikantar utfordringar og moglegheiter, samt engasjerte inspirerande dirigentar som skapar eit godt miljø for utvikling. Oster har over mange år hatt ei bevisst haldning til å skape lokal forankring og tilknytning til kulturlivet i Knarvikområdet. Mellom anna set vi stor pris på å ha nære band til skulekorps i regionen, og vi har jamnleg medlemmar medskulekorpsmusikantar frå Knarvik, Kløvheim, Lindås og somme tider også frå Meland og Radøy. Oster Brass deltek kvart år i NM og i Siddis Brass. Konkurransar er eit middel for å betre det musikalske nivået i korpset, og det er ei målsetjing for oss å til ei kvar tid å hevde oss i øvre halvdel av 1.divisjon

Omtale av prosjektet/aktiviteten

Nivået på korpsa stig stadig, og det krev mykje å halde seg på det nivået vi ynskjer. Først og fremst krev det mykje av musikantane våre, som øver mykje og som også legg ned ein stor innsats i å drifte korpset.

Med god økonomisk støtte frå Lindås Kommune klarte vi å komme oss opp att til 1.divisjon etter ein tur innom 2.divisjon i 2017-2018 sesongen, mellom anna grunna midlar til å hente inn inspirerande dirigentar til kraftaket for å komme oss opp att. Skuffelsen var difor stor då vi med knappast mulig margin rykkte ned att til 2.divisjon på NM i februar i år.

Vi ser at det er viktig for oss å halde oss i 1.divisjon av fleire grunnar; vi vert aktuelle for fleire speleoppdrag som gjev viktige inntekter og vi opprettheld profilen vår om å vere eit ensemble på høgt nasjonalt nivå. Men det viktigaste for oss med å halde oss i 1.divisjon er at det er med på å oppretthalde korpset som ein musikalsk og sosialt viktig arena i nærmiljøet.

Ved å være eit 1.div korps ser vi at fleire unge og ambisiøse skulekorpsmusikantar vel å spele med oss, og at dei vert verande hos oss i fleire år før dei gjerne dreg vidare til elitekorps eller flyttar vekk for å studere. Dersom vi vert eit 2.divisjonskorps vil mange lokale ungdommar søke seg til 1.divisjonkorps i Bergen eller Askøy. Dette er synd både for dei og for oss, då vi har tru på at det er viktig for alle at dei er tilknytta sitt lokalmiljø. Det er viktig for oss å vere ein trygg og god organisasjon for ungdommar å vekse i, og vi er ein god andel med godt vaksne som er med på å skape trygge rammer for ungdomane. Vi har eit særleg fokus på å ta vare på enkeltmennesket og våre kjerneverdier frå ordet OSTER er Omsorg - Samhald- Trivsel - Engasjement - Respekt.

Vi satsar difor alt på å ta kampen om å komme oss tilbake i 1.divisjon og melder oss på kvalifisering til 1.divisjon. Den går føre seg ved ein får tildelt eit musikkstykk frå Norges Musikkorps Forbund som ein må øve inn og spele inn. Det vert ekstra mykje øving for å komme i havn med dette, noko som aukar utgiftene til direksjon. I tillegg kjem leige av innspelingslokale og innspelingsutstyr for lyd og filmopptak. Korpset/medlemmane finansierer sjølv eit seminar i Flåm i starten av september med fullt fokus på innøving av musikkstykket.

Vi håpar de vil støtte oss slik at vi får mulighetene til å beholde posisjonen vi har, slik at vi framleis kan vere Lindås Kommune sitt korps i 1.divisjon.

Dato/tidsrom for prosjektet/aktiviteten

September-oktober 2019

Staden for prosjektet/aktiviteten

Knarvik

Er aktiviteten tilrettelagd for funksjonshemma?

Ja Nei

Budsjett

Før opp alle beløpa i heile tusen kroner.

UTGIFTER

Sum utgifter

76000

Spesifikasjon	Beløp
Direksjon	45000
Leige av lokale	6000
Leige av lydutsyr med personale (lyd og filmopptak er påkrevd frå NMF)	15000
Leige av slagverksutstyr	10000
	Sum: 76 000,00
FINANSIERING	
Søknadsbeløp for denne søknaden	
76000	
Blir det søkt tilskott hos andre instansar?	
<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	
Andre inntekter utanom tilskott	
14000	
Spesifikasjon andre inntekter	Beløp
Dirigentutgifter til vanleg drift i denne perioden	14 000
	Sum: 0,00
Sum finansiering	
90000	

Medlemsmasse	
Før opp antall medlemmer i organisasjonen	
Mellom 0 og 5 år	0
Mellom 6 og 12 år	0
Mellom 13 og 19 år	5
Over 20 år	25
Har organisasjonen medlemskontingent?	
<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	
Born/unge til og med 19 år	1800
Vaksne frå 20 år	2200